



Til:

Karl Kollbotn

Notat

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/307-17	Ove Sæbø	26.06.2026

Bruk av KI i Samnanger kommune - orientering om Vetén

Rådmannen ynskjer med dette notatet å gje ei orientering til kommunestyret om korleis kunstig intelligens (KI) vert forstått og nytta i den kommunale administrasjonen. Føremålet er å bidra til at ein på politisk nivå er kjent med, og på opplyst vis kan forholde seg til, korleis Samnanger kommune kan ta i bruk og vidare utvikle KI på ein trygg og forsvarleg måte.

Kommunane i IKTNH-samarbeidet har utvikla ei eiga KI-plattform som har fått namnet *Vetén*.

Sjå artikkel på kommunen si heimeside: [Samnanger kommune tek i bruk ny KI-assistent - Samnanger kommune](#)

Kva er KI?

Kunstig intelligens (KI) er dataprogram som kan analysere store mengder informasjon, kjenne att mønster og foreslå eller utføre handlingar som liknar på det menneske gjer når dei vurderer, skriv, reknar eller tek avgjerder. KI er ikkje “intelligent” som eit menneske, men følgjer reglar og mønster som er lagde inn og trena opp på førehand.

KI er oversatt frå det engelske AI (artificial intelligence). Intelligence har fleire tydingar. I hovudsak relaterer AI/KI til delen som handlar om *evna til å tenkje og lære* – og at denne kan vere kunstig. Det kan i tillegg vere verdt å merke at ei ytterlegare tyding omhandlar informasjon/etterretning – *å samle inn og analysere informasjon*.

Ein nyttar ofte omgrepet *generativ* KI. Det er ein type KI som kan lage nytt innhald, til dømes tekst, basert på mønster den har lært.

Generativ KI i vår samanheng kan forståast som teknologi som kan lage nytt innhald, som tekst, samandrag eller forslag, basert på det me skriv inn. Me kan sjå på det som ein digital assistent

som føreslår tekst og idéar, men som ikkje veit noko av seg sjølv og ikkje tek avgjerder. *Veten* er ein slik assistent.

Føremål

Føremålet med å nytte KI i den kommunale administrasjonen er å utnytte moglegheitane til å:

- betre tenester til innbyggjarane, til dømes ved å gje raskare svar, betre informasjon og meir tilpassa oppfølging
- syte for meir effektive arbeidsdagar gjennom automatisering av rutineoppgåver, og betre støtte til sakshandsaming
- styrkje kvaliteten i avgjerder ved å nytte analyseverktøy som gjev betre oversikt over data
- støtte tilsette i faglege og administrative oppgåver, utan å erstatte fagleg skjøn eller politiske vurderingar
- sikre at kommunen tek i bruk ny teknologi på ein kontrollert, trygg og etisk forsvarleg måte, i tråd med lover og personvern

Det er viktig å understreke at KI *ikkje* skal erstatte fagleg skjøn. Menneskeleg vurdering basert på kunnskap og erfaring skal gjelde.

Korleis skal tilsette i Samnanger kommune nytte *Veten*?

I retningslinja for *Veten* er det mellom anna vist til følgande bruksområde:

- å få hjelp til å strukturere og formulere tekst (brevutkast, presentasjonar, referat, informasjonsmateriell osv.)
- språkforbetring og omsetjing (t.d. frå bokmål til nynorsk, eller omvendt)
- idémyldring og forslag (t.d. forslag til tiltak, aktivitetar, problemstillingar)
- å få forklaringar på fagomgrep, regelverk på høgt nivå eller tekniske spørsmål
- å lage utkast til rutinar, sjekklister, undervisningsopplegg og liknande, som du sjølv ferdigbehandlar
- å få hjelp til enkel analyse og strukturering av tekst som ikkje inneheld personopplysningar eller annan ikkje-open informasjon

Veten skal vere eit *støtteverktøy*, ikkje ein erstatning for fagleg vurdering, skjøn og leiing.

Risiko

Ved bruk av *Veten* må kommunen særleg vurdere risiko knytt til personvern, informasjonstryggleik, feil eller misvisande svar, manglande openheit, skeive utslag, uklårt ansvar og svekt tillit. *Veten* må difor nyttast som eit støtteverktøy innafor tydelege rammer for tryggleik, kontroll og forsvarleg bruk.

Alle tilsette har sjølvstendig tilgang til mengder med KI-verktøy gjennom sitt private forhold til internettet. Det kan i mange tilfelle vere glidande overgangar mellom jobblivet og privatlivet med omsyn til bruk av internettet og diverse KI-tenester.

Det er difor nærliggande å leggje til grunn at arbeidsgjevarar ikkje kan styre denne bruken fullt ut. Arbeidsgjevarar kan *leggje til rette* for trygg og sikker bruk, gje opplæring og setje krav og forventningar – men det stoppar der. Me har alle eit sjølvstendig ansvar for det som ikkje let seg regulere fullt ut av arbeidsgjevarstyringa.

Kva gjer rådmannen for å redusere risiko?

Først; KI-plattformen Vetten er utvikla i IKTNH-samarbeidet for å sikre trygg bruk for tilsette. Ho blir *ikkje* nytta for trening på data.

Løysinga kan nyttast av tilsette, men skal ikkje takast i bruk før:

1. Den tilsette har gjennomgått opplæringsvideo for Vetten
2. Den tilsette har lese retningslinje for Vetten

Det er lagt eit løp i IKTNH-samarbeidet utover hausten (2026) som ytterlegare skal sikre tilsette med omsyn til rett bruk (workshops for sektorane). Det vil framover vere behov for meir opplæring og bevisstgjerings for å sikre rett bruk.

Kommunen har eigne *ambassadørar* som har tidleg og særleg fokus på å introdusere og setje i verk korrekt bruk av Vetten. Dette er i hovudsak leiarane si oppgåve. I tillegg har kommunen eigen sikkerheitskoordinator som saman med IKTNH-samarbeidet (sikkerhetsorganisasjonen/Digitalisering og innovasjon) arbeider inn påminningar og tematisering som skal sikre at tilsette har rett fokus/bruk. Dette arbeidet vert tatt opp i rådmannen si leiargruppe, samt nedover i organisasjonen – for å kunne følge opp alle tilsette ute i tenestene.

Rådmannen har i tillegg delt inn ansvarsforståinga i organisasjonen på følgjande vis:

Sakshandsamarnivå:

- Alle tilsette/sakshandsamarar meistarar teknologien dei har fått tilgang til
- Alle tilsette har administrativ kompetanse og kvalitetsforståing i tilstrekkeleg grad til å kunne nytte Vetten/KI
 - Skal kunne skilje mellom sant og usant
 - Skal kunne oppdage og unngå dikting/hallusinerings
 - Skal kunne kontrollere for, samt unngå skeive utval av kjelder

Mellomleiar nivå:

- Mellomleiarane våre har tilstrekkeleg forståing for retningslinjer og prosedyrane som der er lista opp for trygg bruk. Dei skal kunne:
 - sjekke referansar
 - kontrollere om fakta er plausible
 - sjekke om søketekstar (prompt) er kvalitetssikra (unngå stivhengigheit)
 - sjekke om relevante kjelder oppført

Rådmanns-/kommunalsjefnivå:

- Skal sikre at tillit vert oppretthalde ovanfor politisk nivå og innbyggjara, mellom anna gjennom denne presentasjonen
 - Sikre styringsdokumentasjon, opplæring, og bevisstgjerings

Kan det skje feil?

Svaret er ja. Så lenge det er menneske som er ansvarlege – også gjennom å nytte verktøy, vil det vere risiko for feil.

Rådmannen si oppgåve er å redusere risikoen så mykje som mogleg gjennom dei tiltaka som er skildra i dette notatet. Det er i tillegg utarbeida ROS for bruk av Vetten. Understreker at retningslinja skildrar mellom anna:

- Slik bruker du Vetten trygt
- Ansvar, kvalitet og kontroll
- Merking av innhald kor det er nytta KI
- Forholdet til andre KI-tenester
- Opplæring og støtte
- Avvik og bekymringar

Kunstig intelligens (KI) er brukt som støtte i utarbeidinga av saksframlegget. Bruken av KI er gjort i samsvar med kommunen sine gjeldande retningslinjer. Heile innhaldet i saksframlegget er gjennomgått og kvalitetssikra av sakshandsamar.

Med helsing

Ove Sæbø
rådmann